



Utan 150 frivillige - ingen festival.

150 frivillige er hjarta i organisasjonen som pumpar energi og som profilerer Festidalen ut i heile regionen. Festidalen er den festivalen som har eit fleirtal av kvinnlege artistar. Ikkje nok med det: Festidalen har ei kogruppe med tre kvinner i leiargruppa,- Una Kolle, Lene Gjuvsland Skjelnes og Margit Lund Mikkelsen.

Etter felles informasjon om grunnlaget, profilen og det generelle, gjekk alle ut på sine grupper med sine gruppeleiarar. I botn ligg ein godt fundamentert organisasjonsplan med dokumentasjon og retningslinjer for den praktiske gjennomføringa.



Hanne Bakke Berntsen er leiar for mat- og serveringsgruppa. Bilete syner eit lite utdrag av gruppa.

Tryggleik er viktig. Alle har ansvar for sikkerheten på festivalområde. Dette gjeld særleg i høve til mindreårige og bruk av verge. Verga kan vera foreldra, men også andre vaksne over 30 år. Kvart verga har høve til å ta med inntil to under 18 år.



Ragnhild Kvandal Løland har vore leiar for innslusing og billetter i mange år. Her er nokre i hennar gruppe samla på jorde. Vaktene har til tider lange økter. Då er det viktig med pausar og tilgang på mat og drikke. Vaktselskapet Protec er leigd inn for å ta meir omfattande disiplinærsaker. Politiet vil gå og køyra patrulje i område. Kystvakta vil vera på plass i bygda.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Kogruppa med tre kvinner i leiinga: F.v: Lene Gjuvsland Skjelnes, Una Kolle og Margit Lund Mikkelsen.